

Oddbjørn Leirvik:

Dom, fortaping og helvete: rydd i omgrepa

Vårt Land 31. oktober 2016

Dei siste vekene har ein ny helvetesdebatt bygd seg opp i *Vårt Land*. Utgangspunktet var Tor B. Jørgensens verdidebatt-innlegg «Tid for å si det tydelig: ingen går fortapt» (*Vårt Land* 1. oktober og 23. september). Reaksjonane frå andre teologar har vore kritisk spørjande (Henriksen og Hegstad: «Blir alle frelst til slutt?», 25. oktober) eller klart avvisande (Ottosen: «En annen kristendom», 24. oktober).

I debatten er det mange og til dels nokså ulike motiv som blir virvla opp. Nokre skriv om helvetesbileta, som motivhistorisk er i slekt med «elden». Andre reflekterer over domsmotivet (Rimehaug: «Den gode dommedag»). Andre igjen knyter sitt resonnement til signalorda «dobbel utgang», som tradisjonelt høyrer saman med ordparet «frelse eller fortaping».

Eg trur den teologiske samtalen kunne ha godt av ei opprydding i omgrepa. Nokså nøyaktig for eit år sidan skreiv Notto R. Thelle ein kronikk med tittelen «Oppgjør med helvete» (*Vårt Land* 26. oktober 2015). I den påfølgjande debatten med Espen Ottosen og Øyvind Aasland presiserer Thelle at det er læra om ei evig pine han finn å måtte ta eit oppgjør med, fordi den impliserer ei gruffullt gudsbilete. Samtidig presiserer Thelle at han ikkje kan eller vil legge bort tanken om ein guddommeleg dom, heller ikkje den skremmande tanken om at ein kan miste si sjel og gå fortapt.

Her er det etter mitt syn ein avgjerande forskjell på dei tre motiva dom, fortaping og helvete (som alle er godt representert i Det nye testamentet). Ein dommar kan ein ha tiltru til. Å gå fortapt er det mennesket sjølv som er subjekt for. I helvetesmotivet, derimot, er det Gud eller Kristus som er subjektet for den evige pina dei påfører dei fortapte sjelene. Slik er det også i Confessio Augustana, der Kristus dømer dei ugudelege menneska og djevlane til å pinast utan ende. Eit slikt guds- eller Kristusbilete lar seg ikkje sameine med trua på ein rettferdig og nådig Gud.

Dersom ein koplar biletet av Gud som torturist med dei krigerske gudsbileta som dominerer i delar av den jødisk-kristne bibelen, er det kanskje ikkje så rart at religionskritikaren Andreas Edwien trekte følgjande konklusjon i si bok frå 1977 om kristendommen som ein fare for verdsfreden: «Kristendommens gud og hans sønn opptrer selv som krigere og voldsmenn, som hater og dreper sine fiender i kriger, og til sist kaster dem i sitt torturkammer, Gehenna – helvete».

Sjølv sagt er utanfrå-kritikken til Edwien einseitig. Men det finst gode, ja tvingande grunnar til at vi som kristne tar ei innanfrå-oppgjør med dei valdelege gudsbileta. Oppgjeret må vi ta på eit etisk grunnlag. Bileta av Gud som krigsherre og torturist er rett og slett moralsk forkastelege, om dei aldri så mykje er representert i Bibelen og dei lutherske vedkjenningskriftene. |

Tanken om dom, frelse og fortaping, derimot, må vi nok leve med – som uttrykk for livsalvoret. Også desse motiva kan utfaldast på nådelause måtar. Men dei dreg ikkje utan vidare med seg helvetesbiletet av gud som torturmeister. Det er dette motivet vi må seie nei til, på moralsk grunnlag.